

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Spørgelista nr. 7.*Fylke: *Hordaland*

Tilleggsspørsmål:

Herad: *Voss*Emne: *Skav*Bygdelag: *Kvitli*Oppskr. av: *Brita Lid*Gard: *Lid, øvre*(adresse): *Volda*G.nr. *189* Br.nr. *2.*A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ja.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Me kalla det for *tå skogen* (for *tå skogje*). I det gjekk òg både skav, lauv, heit og mose.
2. Markafor var òg brukt. Og mork. Mork er eit frongare omgrep. Skav gjekk òg i det, og kjeppar som dei sette heile oppi til smale og geiter. Dei grog då sjølve kanten av. "Skov sjølve."
3. Å skava - skjiv - skov - har skave - hadde skave - vil skava - vil ha skave.
4. Ja, det har vore mykje mytta. Skav er namnet. Dei brukte det i mitt oppeldre til regulert for, mest det. For dei rekna det å vera sunnt og godt for, serleg åt smaleist, smale og geiter. Dei treivst ikkje utan skav, sa folket. Skav brukta dei abbåt høg- et for den tid snøen kom, så dei fekk høgva or skogen.
Til hjelp i vanskelege av brukte dei det òg. Skav det var forloysa om varen, høyrde eg slike ordelag: "Me ljota berga

besta. Og så for dei på skogen.

Men eg minnest ikkje det var slik forløyssa på nokon av brukna på Lid.

5. Ein nyttar: raun, hegg, osp, alm, ask, stundom selja. Lind var der ikkje, hassel var der svært lite. Kanskje kunne dei bruka det siste. Nei, ein skjev lærre visse beslag. Såvidt eg hugsar var det lærre desse slaga eg har nemnt.

Men eg høyrde at dei i eldre tider hadde brukt skav og av barkre åt krøttra.

6. Ein nyttar ordet skav (skjevlar) om dei beslaga eg har nemnt. Gjevast var raun, alm og osp. Men hegg var òg godt.

7. Nei, heimgrovd hugsar eg ikkje eg har høyrst noko slikt rim.

8. Ja, heile lenskaperen fekk skav. Hestane minst. Summe hestar slikke seg etter skav, men dei fleste lika det ikkje.

Kyrne fekk helst stort skav av osp eller alm, eller raun. Smale og guler fekk det meir småskave, og det både av raun, hegg, alm, osp.

Oldrskav seg eg ikkje brukt. Seljeskav (og nok av selja, seljestokkar) var brukt undantaksvis.

Eg har for nemnt at dei fekk skav frå den tid snøen kom, så dei fekk køyra, eller dra, heim tilfang or skogen.

Dei hogde allslag beslag til ved, la dei så i kvat sin dunge (krosst) til ved.

Bjørka for seg, or for seg, og dei beslag som skulle skavast (eller vera til nok oppi smålogstekkane) for seg.

Skavet var brukt til ut på våren,

3.

(i svae). Det var det vanlege. Men var det fornaud, laut dei bruka det heilt til krøtera slapp ut.

Dei fekk skavet for seg sjølv, aldri blanda med stråfor. Det einaste var om dei fekk litt mjøl strødd på.

„Har ii mjøldust på skavet.“

9. Dei rekna ikkje at dei fekk meir mjølk av skav. Men dei meinte det vart betre trivnad på både mjølkekyr og „gjeldnøyte“ når dei fekk skav. Og at mjølka vart betre når dei fekk gmsel slag for, også skav.

At skav skulle gjeva beisk mjølk har eg ikkje høyr. Det var turnips og surkål det.

10. Det vanlege var å køyra heim tilfang til ved, og så skava av det. Men var det fornaud drog dei til skogs eins arend eller skavtilfang. Tre som var hogde i svae var ikkje bra til ved, men det dei hogde på den sid, for fornaud skuld, laut dei bruka anten til ved eller andre ting.

I eldre tid skov dei greiner til hesjastaur. I mi tid var det slutt med det. Hesjastaur skov dei, dersom det var av lauvtre. Furestaur kume dei og avlerkja, men då brukte dei ikkje skavet. Sprakastaur (eine) var mykje brukt, både til gjerde og til hes. Det voks stor sprake (eine).

11. Dei sa: „Fara i markaskog.“ Eller: „Fara på skogen eller mork.“ „Dra på skogen“ -- kume dei og seia.

12. Dei kalla det mørk.

13. Nei.

14. Den vanlege tida ein hentat ^{mørk} har eg svara på i spørsmål 4 og 8. Når det gjekk im i anna skogsarbeid, som å hogga og kjoa heim vedtilfang vart det ikkje rekna for ~~serleg~~ serleg surt eller hardt.

Eg har høgt at dei i eldre tider skulle ha den skikken at dei fór til skogs på fastande hjarta langfredag, laga seg tunge markateyrder som dei sleit og bar heim. Og grunnen skulle vera at dei skulle lida med Jesus. Når dei kom heim, firda dei seg til og reiste til kyrkje.

Såleis har eg høgt dei gjorde i Tennagardane. Men om det var berre karane, eller både karar og kvinnfolk, veit eg ikkje.

15. Det var gnist. Me brukke å skava på guse plassat i tunet, eller som kubsane eller vedtilfanget var lagt. Det trong ikkje vera nær vedhuset. Det kunne like så snart vera nær fjøset. I vedhuset skava me ikkje.

Men i ruskever kunne me skava inne i den store stova. Om kveldane hende det og me skava inne, for det var for mørkt ute i tunet.

16. Det var to slag reisskap me brukke: Skavljå, og bandakniv. Folekniv brukke me ikkje, han var for tjukk.

Skavljåen kunne kanskje også kallast skavkniv, for han var større og mindre, men det vanlege namnet var skavljå.

Skavljain var skikka som ein ljå, eller ein brei, tunn kniv, og hadde skaft berre i eine enden. Den kunne vera smidd særskilt til det bruket. Men stundom tok dei ein gamal avbroten ljå og sette skaft på. At dei fulla eit plagg om den andre enden, hugsar eg ikkje til. Då var det å hura ein bandakniv, - det hadde me flere av, og det var då beste. Men at ein i naudsfall treiv ei felle om eit lys-berst og brukte til skavljå, har eg sett.

Bandakniven var ein brei, lang kniv med handtak i bae ender. Han var smidd til dette bruket og skjift handtak på.

Der fannst dei som helst tymsleljåane for å vera dei kvassaste reisepane, men det var helst gamle folk.

17. Eg har ikkje sett dei skava ned til hesjetro.

Når me skava til krøtera, var det minst tre måtar å skava på.

I fløveleg avsaga, nokortunde gramme kjep-
par.

a) Ein sette seg på skavkrakken, heldt ljaen i hakket, drog kjeppen mot seg med vinstre handa så skavet rauk av.

b) Ein sette seg ned og skava på liknamde måte utan skavkrakk. Då kunne ein skiftevis spikka ut med ljaen - eller sto høgre otbogen mot høgre læret og halda ljaen still, medan ein drog kjeppen med vinstre. Ein fekk ein

viss same til dette, så ein drog helst kjeppen og let tjænen vera stillt. Det galdt å få tjænen til å gli langs vedbandet så han flekke korken frå, utan å ta med fliser av veden. Då gjekk tjænen lettast og skauel part seinast. Me borna skava mykje på ein av desse måtane, det var rekna for det lettaste (a og b).

II Tjukkare kjeppar eller kubbar.

Dei var òg avsaga i visse lengder. Ein la dei i ein kluftekrakk (eller sagkrakk). Så brukte ein bandakniven, heldt i handbake i kvar ende og skov mot seg. Smudde på stokken og flytte han etter kvart det longs.

III Store stokkar.

Dei var ikkje avsaga, men låg i full lengd på marka.

Ein sette seg på stokken og skava mot seg med bandakniv, flytte seg etter kvart. Pulla stokken om og skava på hi sida.

Det laut helst vakne karar til å greia det.

18. Skavhal kjemmer eg ikkje til. Horskje reiskapen eller ordet.

19. Det har eg svara på under punkt 17. Ved I (a og b) sat ein, anten på ein krakk skavkrakken, eller på ein krakk fritt. Ved II stod ein.

Ved III sat ein på sjølve stokken.

Kanskje var det fleire måtar å skava på, men dette er dei måtane eg hugsar.

20. (Me kalla det mork. Det var eit samnamn på all uskaven skav = ved. Mork til å skava, mork til å setja (uskaven) opp i smålogstek = kane. (mork, - avgjød marka -).

21. Skav. Me kunne seia småskav (småoskar).

22. Det har eg svarta på under spm. 17. Dei avsaga kjeppeane, både dei under I og II var lengst em vanleg beremeved. Under I så lang som jammeved, dei under II lengst.

23. Skjvelar. Ein skjivil - flere skjvelar (skjevidl - skjvelar).

Ja. Skjvelar var vanleg dei gramme kjeppeane opp til ei viss tjukn. Men me hadde ikkje noko sernamn på dei avskava kubbane eller stokkane, det eg seik.

24. Ja, det var visse regler for korleis skavet skulle vera, om det skulle vera godt og lagleg å eta for krøtera.

Det skulle vera all boken, og ikkje noko av veden. Den som tok fliser med, var ikkje flink å skava. Summe var mykje flinkare å skava, dei hadde lag både med å få ridskapen til å fa passeleg hardt så han fylgde vedbandet, og til å få skavet passeleg stort. Når me berre skava med skavgjå til smålog, skulle me fa berre passeleg store bokstykke, - ikkje flengja av lange flak -. Når ein skava store kubbar eller stokkar med bandakniv, og det skulle vera til naut, tok ein store flak.

25. Skjivlane brukte ein vanleg til bakstevad. Det var passelig langt til det, og vart tvrt til bakstevad i juni.

Dei granne skjivlane brukte ein hule, dei sjukkare kløyvde ein. Skjivlane skulle

26. ^{nesta glatte, når det var rett skive.} Nev, det er slutt med det. På gardane vart det slutt ikring 1910-15, husmenn og småbrukarar brukte det nokko lenger.